

Referat frå FAU-møte 15. september 2016

Møtet tok til kl. 18.00.

Desse møtte: Marit Ystebø, Hildegunn Sivertsen, Veronica Straume og Monika S. Gabrielli
Frå FAU 2015/16: Geir Olav Repål og Agnetha Soltveit
Frå skuleadministrasjonen: Torunn Hovden

Sak 1 Konstituering

Styret konstituerte seg slik:

Leiar: Jannike Steindal Nordanger

Nestleiar: Hildegunn Sivertsen

Kasserar: Marit Ystebø

Skrivar: Monika S. Gabrielli

Representant til samarbeidsutvalet, SU (i tillegg til leiar i FAU som automatisk er medlem i SU):
Veronica Straume

Sak 2 Førebuing til foreldrerådsmøte.

FAU for 2015/16 opnar møtet og går igjennom årsmelding og rekneskapen. Denne oppgåva tek Geir Olav Repål.

Torunn orienterte kort om kva som vert tema elles, og då særleg informasjon knytt til §9 i opplæringslova som handlar om elevane sitt skolemiljø.

Det kom innspel frå FAU om at skulen har eit positivt fokus på trivsel, og får ros for orientering om kva som skal til. Det er handlinga og haldninga knytt til orda som avgjer. I tillegg vart det peika på kor viktig det er å lytta til og respektera når nokon seier dei vert mobba. Ikkje møta ytringa med at det ikkje skjer mobbing på denne skulen. Rektor la til at dette er viktig også fordi ein opplever det som skjer forskjellig.

Sak 3. Ev. andre saker frå rektor eller FAU

- Det vart ytt ønskje om at lærarane vurderer mengda program som skal øvast inn til diverse arrangement i løpet av året. Fokuset på lesing og rekning er høgt no, og det er viktig at ein prioriterer dette.
- Foreldrefestane bør haldast tidlegar på vinteren/våren slik at dei ikkje kjem innimellom arrangementa påskekafé, 17. mai og sommaravslutning. Det vert elles vist til tett program med fritidsaktivitetar på våren.
- Det kom ønskje om å gjera foreldrefestane gratis der ein tek med mat sjølv. Dette vert prøvd i år.
- Det er alltid dei same som ryddar etter skulearrangement, og FAU vil no setja opp ansvarslistar slik at arbeidsfordelinga vert meir rettferdig.

Sak 4 Møte mellom foreldrekontaktane og kontaktlærar i dei ulike klassane.

Før ein gjekk til kvar sin klasse, vart det avklara at foreldrefesten får eit enklare program med mindre øving og at festen vert like før vinterferien.

Det vart også fremja forslag om at nokre foreldre får ansvaret for å baka.

Refr. Monika S. Gabrielli